

## PRØVEFISKERESULTAT- ØVRE BESSEVATN, 24.07.2001

### Omtale av vatnet:


- Vatnet er på 10 ha og ligg 1310 moh.
- Vatnet ligg vest for Bessevatnet og drenera til Bessevatnet.
- Gyte og oppvekstområda er gode.
- Vasskvaliteten er god, men kan vera utsett for sur nedbør og har lågt produksjonsgrunnlag.
- Geologien i nedslagsfeltet er dominert av fylittbergarter.

### Omtale av fisket:

- Vatnet vart fiska ei natt med 1 stk. W. Jensen prøvegarnserie.
- Vatnet var sist prøvefiska i 1996.
- Samla fangst 48 fisk, største fisk 386 g.
- Gjennomsnittsvekt var 155 g mot 127 g i 1996.
- Gjennomsnittleg K-faktor 0,93 som indikera ein noko mager fisk.
- Andelen fisk med raud kjøtfarge fordelt på 6 cm lengdegrupper viser;

|            | Under 13-19 |    |   | 19-25 |    |   | 25-31 |    |    | 31-37 |    |     |
|------------|-------------|----|---|-------|----|---|-------|----|----|-------|----|-----|
| Kjøttfarge | H           | LR | R | H     | LR | R | H     | LR | R  | H     | LR | R   |
| 1996       | 100         | 0  | 0 | 88    | 4  | 8 | 53    | 20 | 27 | 0     | 0  | 100 |
| 2001       | 100         | 0  | 0 | 75    | 21 | 4 | 21    | 43 | 36 | 0     | 0  | 100 |

- Minste registrert ho gytefisk var 24 cm.
- Det har ikkje vore sett ut fisk i vatnet.
- Det er ikkje garnnetter i vatnet, dvs. at det ikkje er tillete med garnfiske.
- Prosentvis fordeling av fangsten på 3 cm lengdegrupper:



### Tiltak/konklusjonar:

- Kvaliteten på fisken er noko betra, gjennomsnittstorleiken er auka og storleiken på gytefisken er auka.
- Vatnet har idag ei stamma med småfallen aure som er noko mager. Kjøtfargen indikera at større krepsdyr er sterkt nedbeita.
- Vatnet ligg tett til stien mellom Besså og Litlos og er eit fint stongfiskevatn. Ein betring av fiskekvaliteten vil vera med å auka interessa for fiske.
- Det ligg til rette for kontrollert tynningsfiske gjennom notfiske eller med garn i maskestorleiken 21-28 mm.